



# ELØ

En Liten Øl



## STEINGODT ØL

*Geologien i Sunnhordland er unik.  
Alle dei norske bergartane finst her, og det gjer noko med vatnet*

## DEN FINE KJENSLA ...

*Smaken. Lukta. Synet.*

# Bryggeriet i sjøkanten på Kråko



Stolt partner av



UNESCO Global Geopark sidan 2023

Ved havgapet i Fitjar kommune ligger handverksbryggeriet ELØ i ei lun hamn og produserar øl og mineralvatn.

I samspel med hav, fjell og vill natur utviklar vi produkt og smaksopplevingar der førsteklasses råvarer og godt handverk går hand i hand. Sunnhordland er geologisk rikt, alt av mineral og bergartar vi finn i Noreg finns samla her, og det gjer vatnet spesielt godt egna til ølbrygging. Steingodt øl kallar vi det.

Våre kvalitetsbrygg har smaker for alle øl-elskere, mange høver godt til mat – andre er best til bare kos.

Vi har øl for butikkar og hotell/restaurant – og klarar å sende ølet vårt til alle kroker av Norge.

Velkommen til ELØ !

**En Liten Øl AS**

Kråkevegen, Port Steingard, 5419 Fitjar  
[post@enliten.no](mailto:post@enliten.no) - [bestilling@enliten.no](mailto:bestilling@enliten.no)



[www.enliten.no](http://www.enliten.no)



## Premium-utvalet

Premium-utvalet er dei ølene våre kunder kjøper mest av – og som vi derfor produserar heile året. Desse finn du i ølutsal og butikkar – men og på restaurantar og barar.

Premium-ølene har alle kvar sin ølstil med dei beste råvarane. For å halde på kvaliteten er de tappa på aluminiumsboks – sjølsagt med pant. Fleire av desse kan du og få på såkalla keg på 20 eller 30 liter.




# MARMOR GYLLEN PILSNER

**MARMOR** er ein god pilsner, gyllen på farge, med forfriskande smak, eit svakt fruktig preg og ein behageleg avbalansert bitterheit.

Dette er ein klassisk tsjekkisk pilsner som har lågare bitterheit enn tradisjonell pilsner, og oppleves som frisk og lett.

MARMOR var vårt første øl og blei lansert i august 2016.

<b>Type:</b>	Lagerøl, pilsner
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044171883
<b>EPD:</b>	6064521
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## **KIS** **LYS ALE**

**KIS** er ein frisk APA (american pale ale), lys oransje på farge, med ein lett kropp, svak sødme frå karamellmalten. Dei gode humlene gir ein lett fruktig og delikat smak.

*Utmerkingar:*

**BEST NORWEGIAN PRODUCED BEER**

**BESTE ØL – DELFINALE**


**BESTE FESTIVALØL**

Bergen Int. Whisky & Beer Festival

Det Norske Måltid

Bergen Ølfestival


<b>Type:</b>	American Pale Ale
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, kveite, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044171944
<b>EPD:</b>	6064513
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## **GRANITT DUNKEL BAYER**

**GRANITT** er ein rund og behageleg lagerøl med inspirasjon frå den tyske ølstilen Münchener Dunkel, populært kalla bayer på norsk. Han er brun og kopar-raud på farge, med eit delikat smaksbilde balansert mellom maltfylde og humlebitterheit, og med eit hint av karamell.

<b>Type:</b>	Lager, münchenener dunkel
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044172002
<b>EPD:</b>	6064539
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## **TOPAS** **MEXICANSK LAGER**

**TOPAS** er ein mexicansk lager som vi har brygga med omtrent halvparten mais og ris og resten byggmalt. Dette gjer at ølet blir ekstra lyst og lett.

Ølet er friskt, og har ein mild og behageleg smak som passar til alle typar mat. TOPAS er eit glutenfritt øl.


<b>Type:</b>	Lager, pilsner
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, mais, ris, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044171913
<b>EPD:</b>	6067862
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## GRØNNSTEIN IPA

**GRØNNSTEIN** er eit øl med mykje smak, fin fylde og rein bitterheit. Her er det brukt mykje god humle som gjer ølet både fruktig og bittert, sjølvsagt godt balansert med sødmen frå karamellmalten som er brukt. Dette er eit øl for dei som er glad i mykje smak og aroma, og gjer seg veldig godt til kraftige og feite kjøttrettar.

<b>Type:</b>	India Pale Ale
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044172033
<b>EPD:</b>	6064554
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## **GULL** **SUNNHORDLAND PILSNER**

**GULL** er ein dristig pilsner som vi har tilsett ein solid mengde gode amerikanske humler. Det er brukt mais til ein god del av maltbasen, noko som gjer ølet enno lettare og lyst på farge.

**GULL** er eit lett og smaksrikt øl, med mykje fruktig aroma frå sitrus, mango, aprikos og andre tropiske frukter, avrunda med ein fin maltsødme.

<b>Type:</b>	Lager, pilsner
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, mais, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044171975
<b>EPD:</b>	6064547
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



# KRÅKESØLV ALKOHOLFRI PILSNER

**KRÅKESØLV** er vårt alkoholfrie **pilsnerøl**.

Det friske og gode alternativet til typiske lyse alkoholholdige ølsortar. Dette ølet er faktisk nr. 2 på bestselgerlista vår !

KRÅKESØLV er eit velsmakande pilsnerøl, med fin humlearoma og behageleg sødme, og passar til dei fleste matrettar.

<b>Type:</b>	Lager, alkoholfri
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044170121
<b>EPD:</b>	6064562
<b>Tappa på:</b>	0,33 L glassflaske
<b>Avgiftsklasse:</b>	A
<b>Alkoholinnhald:</b>	0 %



## **KVARTS FATØL PILSNER**

KVARTS er ein nydeleg pilsner brygga for tapping fra ølkran og rett i glaset. Det er ein mild, tradisjonell pilsner med fin farge og avbalansert smak.

Kvarts tappar vi på 20 og 30 liter keg. Så her må du ha tappeanlegg for å nyta den gode smaken.

<b>Type:</b>	Lager, pilsner
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044173764
<b>EPD:</b>	
<b>Tappa på:</b>	<b>keg 20 / 30 liter</b>
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## Ekstra-utvalet

Her finn du ekstra gode øl som vi brygger til dei ulike sesongane i året – særleg sommar og jul.

Nokre lokale butikkar er flinke og gjer plass også til desse ølene, men du finn dei i alle fall i ølutsalet på bryggeriet.



## LAVA BLONDE ALE

LAVA er sommarølet vårt. Men du finn det kanskje andre tider på året og ! Det er eit lyst, lett øl som er mildt på smak og rikt på kos.

Blonde ale er ein brobyggjar mellom pils og pale ale og er eit navn franske og belgiske bryggerier brukte om dei lyse ølene sine.

LAVA er ein tørsteslukkar – for alle høve.

<b>Type:</b>	<b>Blonde ale</b>
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044173610
<b>EPD:</b>	6417976
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## **GOLDEN ABBEY BELGIAN PATERSBIER**

**Golden Abbey** er ein lys, fruktig og forfriskande Belgisk Single. Ølet har ein delikat balanse mellom maltsødme og humlebitterhet, og har ein tørr og rein avslutning. Denne ølstilen, ofte kalla “munkens daglige rasjon”, har ein kompleks smaksprofil med subtile hint av krydder og frukt som passer godt etter ein hektisk arbeidsdag.

<b>Type:</b>	Belgisk single-øl
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, kveite, humle, koriander, appelsin, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044173528
<b>EPD:</b>	
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	Sterkøl
<b>Alkoholinnhald:</b>	5,5 %



**ELØ**

En Liten Øl

## ROASTED DELIGHTS IMPERIAL PORTER

**ROASTED DELIGHTS** er ein fyldig og aromatisk porter tilsett den beste espresso frå Bergen Kaffebrenneri. Svart på farge, krema munnfølelse, rik på kaffi og med røsta noter. Eit øl som nytast best litt temperert, og som blir betre med litt lagring.

<b>Type:</b>	Porter
<b>Innhald:</b>	Vatn, malta bygg, kveite og rug, havre, humle, kaffi, gjær
<b>GTIN:</b>	7090044171739
<b>EPD:</b>	
<b>Tappa på:</b>	0,33 L flaske
<b>Avgiftsklasse:</b>	sterkøl
<b>Alkoholinnhald:</b>	10%




## Spesial-utvalet

Vi brygger anna godt øl og. I spesial-utvalet prøvar vi ut oppskrifter og øltyper – og brygger kanskje bare ein gang. Nokon ganger blir det fleire ganger om kundane ber om det.

Her finn du øl for både dagligvaremarknaden, Vinmonopolet og hotell/restaurant.

Fleire av disse ølene kan du og få på keg.



## JUBILEUMSØL VIENNA LAGER

VIENNA LAGER er ein klassisk øl frå 1840-talets Østerrike. Under brygginga nyttar vi den tradisjonelle Vienna-malten. Ølet har lite aroma og smak av humle, det er berre så vidt nok bitterheit til å balansere sødmen i malten. Dette gjer eit delikat, lyst og tørt øl som passar til alle høve - også til eit 10-års jubileum.

*PS: ELØ ble stifta i november 2014 og det første ølet kom i august 2016*

<b>Type:</b>	<b>Vienna Lager</b>
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, humle
<b>GTIN:</b>	7090044173818
<b>EPD:</b>	<b>6757439</b>
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	<b>D</b>
<b>Alkoholinnhald:</b>	<b>4,7 %</b>



## SOUR FLING CHERRY & FRUIT

SOUR FLING er eit fruktøl som er syrna med ein Philly-sour gjær. Dette gjer noko fantastisk med smaken.

Ølet er tilsett gode mengder ekte frukt-puré av Kirsebær og innslag av fersken, aprikos og sitron. Ølet gjer ein deilig og fruktig smaksoppleving.

<b>Type:</b>	Fruktøl / surøl
<b>Innhald:</b>	Vatn, bygg, havre, hvete, humle, laktose, fruktpuré
<b>GTIN:</b>	7090044173733
<b>EPD:</b>	6523575
<b>Tappa på:</b>	0,33 L boks m/pant
<b>Avgiftsklasse:</b>	D
<b>Alkoholinnhald:</b>	4,7%



## Smakskasse 6 forskjellige premiumøl

ELØ sin gode smakskasse !

Begynn med Topas og fortsett med **meir** smaker !  
**Du** finn smakskassen i ølutsalet vårt.



## **GÅVE-ESKE** 2 glas og 3 boksar

Flott gåveeske i matt svart med gull-logo, tilpassa 2 lüttich-glas og 3 boksar øl.

Gåve-eska kommer ferdig montert med 2 glas, utan øl. Øl veljar du sjølv.



## ELØ ØLGLAS

Flotte ølglas frå den tyske produsenten Rastal.

Craftmaster 0,2L (smaksglas og dessertglas)

Lüttich 0,33L (tulipan – bestselger)

Conil 0,4L

Tannheim 0,33L



## VAAGAVATN BRUS OG MINERALVATN

Vi tilbyr brus og kullsyreholdig smakssatt vatn frå «Vaagavatn» - Ole Vaagen Mineralvannfabrikk frå Stord.

Brusen blir produsert og tappa hos **ELØ** på Fitjar.

Vi bruker hovudsakeleg naturleg konsentrat, kombinert med det gode vatnet frå fjellet her i Fitjar. Brusen blir primært tappa på boks, men også litt på flaske.





# ELØ

## En Liten Øl Bryggeriet på Kråko

En Liten Øl AS er eid av 74 lokale aksjonærer.

Ølet blir brygga og tappa på Kråko i Fitjar kommune.

Port Steingard, Kråko

5419 FITJAR

Sunnhordland, Norge